Registrere tilbode læreplass Steg for steg-guide



Har du skrive arbeidsavtale med ein lærling som har bustadsadresse i same fylke som lærestaden har adresse, og lurer på korleis du skal få registrert dette hos fylkeskommunen? Lærekontrakten skal signerast av lærestaden og lærlingen, og vil mellom anna utløyse tilskotsforvaltninga. Da må du følge denne guiden. **Målgruppe:** HR-sjef eller lærlingkoordinator.

Steg	Kva	Meny	Kommentar
1	Tilgang til fylkeskommunen sitt system: VIGO Bedrift. Har ikkje tilgang i VIGO Bedrift	For å kome inn i VIGO må du ha tilgang. Du kan sjekke om du har tilgang ved å følgje denne lenka: https://www.vigobedrift.no/vigo- bedrift/	Har du tilgang, fortset du vidare på steg 2. Dersom du ikkje har tilgang, må du søkje om det. Dersom det er Oslo fylkeskommune du høyrer til, kan du søkje om tilgang via dette skjemaet: https://skjema.oslo.kommune. no/id/5925 Er det ei anna fylkeskom- mune, tek du kontakt via eitt av følgjande kontakt- punkt https://utdanning.no/tema/ hjelp_og_veiledning/fagopplae- ringskontorene Når du får tilgang, fortset du på steg 2.
2	Logg inn i VIGO	Lenke til VIGO: https://www.vigobedrift.no/vigobedrift/	Logg inn med BankID (eller MinID, Buypass, Commfides)
3	Ha informasjonen klar	 Namn på godkjend fagleg leiar Namn på lærling Lærefaget Starttid for arbeidsavtale 	Viss fagleg leiar ikkje dukkar opp i rullgardin- menyen, kan det vere fordi vedkomande ikkje er godkjend fagleg leiar eller at søkjar er registrert på feil fag. Dobbeltsjekk desse tinga og ta kontakt med OK stat dersom du ikkje finn ut av feilen.

Steg	Kva	Meny	Kommentar
4	Trykk på videresende søkjarar	Søkjarar Intensjonsavtalar Søkjarar per lærefag Søkjaroversikt Videresende søkjarar	Om du ikkje får opp denne funksjonen, ta kontakt med OK stat på e-postadressa: <u>okstat@dfo.no</u>
5	Finn aktuell kandidat	Finn lærlingen de skal inngå lære- kontrakt med og klikk på «endre». Du må endre: • Faget det gjeld • Status til «takket ja». For å endre status til «takket ja», bruk nedtrekksmeny og velg «takket ja til læreplass»	Om du ikkje finn lær- lingen, kan lærlingen vere frå eit anna fylke, eller ikkje vere registrert som søkjar. Då må du ta kontakt med fylkeskom- munen: https://utdanning.no/tema/ hjelp_og_veiledning/fagopp- laeringskontorene
6	Legg inn informasjon	Legg inn godkjend fagleg leiar og ønskt oppstartsdato.	Sjå arbeidsavtalen. Hugs å lagre.
7	Behandling av lærekontrakt	Kontrakten sendast «Til behandling hos fylket»	

Steg	Kva	Meny	Kommentar
8	Digital signering av lærekontrakt	https://signering.posten.no/	Når standpunktkarakter er klar og kontrakten er ferdig behandla, sender fylket lenke til digital sig- nering av lærekontrakt. HR mottek kontrakt via e-post (de har valt person for dette) og lærling via SMS. Informer lærlingen om at han/ho vil motta kontrakt til digital signe- ring.
9	Aktiv lærekontrakt	Når lærestad, lærling og fylket har signert kontrakt, opprettast aktiv kontrakt.	Kontrakten vert tilgjen- geleg for lærlingen via Vigo-appen. Vi tilrår at de ber lærlin- gen ta med ein kopi til HR første arbeidsdag.